

Månadsbrev februar 2021

Tida går litt for fort for underteikna, og plutselig var januar over... 3. og 4. klasse var særst nøgde med besøket frå Flekkefjord og Sirdal tannklinikk 11. januar, men elles har det skjedd lite og vore få gjester utanfrå sidan skulane er på gult nivå.

Det er ikkje heilt sant. Me fekk jo ei litt spesiell hending då tung snø førde til både straumstans og manglande kontakt med omverda fredag 22. januar, men alle foreldre tok det på strak arm når me måtte stengja skulen på kort varsel i kjølen. Tusen takk! Nokre fekk straumen kjapt tilbake og hadde ein "vanleg" dag heime, medan andre måtte venta noko lenger. Heldigvis fekk me opp att varmen på skulen slik at alle kunne møta som vanleg på måndag!



Den kulturelle skulesekken skulle ha vitja Sirdal den første veka i februar, men er utsett til seinare, og mellomtrinnet hadde planlagt **foreldremøte**. Det er det berre 6. klasse som gjennomfører tysdag 2. februar, medan 5. og 7. klasse utset. Men; **Abeldag** 19. februar gjennomfører me som planlagt, og så blir det kanskje ein **alpindag** i Ådneram skitrekk før vinterferien.

Elles får elevrådet besøk av einingsleiar skule, Anita Heiaas Haugen, torsdag 4. februar, og alle nye 1.-klassingar har fått velkomstbrev om skulestart. Tida går som sagt fort...!

Arbeidet på nybygget går framover og etter planen, og nå er bygget mest heilt kledd utvendig og dei fleste vindauga er på plass.



Lihkku beivviin!

6. februar er samefolket sin dag, nasjonaldagen, og dette vart markert på morgonsamlinga av 6. klasse, og er tema på dei fleste trinn og i fleire fag for tida.

Sinnes 02.02.21, Åse-Berit